

## Året som har gått 2019

Ei oppsummering frå IL Fanaråk er no blitt ein tradisjon i desse juletider. I år som tidlegare kan me sjå attende på masse god aktivitet og me vil gjene takke dei som deltek på aktiviteten vår og dei som bidreg til at me skapar aktivitet.



Me er framleis i ein innkøyringsperiode med det digitale medlemsystemet. Minner om at det er berre dei som har betalt som får giro året etter. Bruk heimesida vår dersom du saknar giroen på vårparten og meld deg inn!!

På årsmøtet i februar gav Hans Arvid seg som styremedlem! Me tekkar han for god innsats over mange år og er veldig glad for at han framleis held fram med fotball og Fanaråken opp. Vegard vart då nytt styremedlem og me ynskjer han velkommen.

Vintersesongen med ski starta i Hestahagen og fortsette i Turtagrø. Me hadde avtale med skikretsen om å komme å rettleie førsette i korleis tilpasse utstyret til borna og ha skileik med barna. Pga dårleg ver vart dette utsett og så snart det vert skiforhold i Hestahagen prøver me å få dette til. Då oppmodar me førsette til å stille for å få tips, gjerne bli med på aktiviteten òg.

Basaren i mars gjev oss gode inntekter, òg i år. Ein slik basar er mykje arbeid og det er mange som her skal ha takk! Undergruppene gjer ein super innsats med sal av årar og lodd, tigging av gevinstar og tilrettelegging. Takk til bedriftene som gir oss gevinstarr. Me er og utruleg takksame for alle privatpersonar som bidreg med ulike gevinstar! I år var det veldig mykje flott handarbeid på premiebordet. Og tilslutt takk til alle som kjøper loddar og årar og bidreg til inntektene til idrettslaget. Basaren i 2020 blir 8.mars, me håpar då på same responsen. Me vil ha litt fleire gevinstar på boka og litt færre omgangar åresal.

Kulturdagahelga blei travel for idrettslaget i år, men òg veldig kjekk! Me starta fredagen med Mesternes mester for barn. Laurdagen samla a-laget over 300 tilskodarar til lokaloppgjør mot IL Bjørn på Skjolden stadion. Ekstra kjekt var det at Fanaråk stakk av med seieren denne dagen. Søndagen stilte 16 stk opp i Mesternes mester for vaksne, som blei leia av Arve Uglum. Her stakk Simen Weka av med seieren på 10 000 kr sponsa av Kulturdagane.

Me er veldig glade for at ein stiller lag i 6.divisjon fotball. Ikkje berre er det god aktivitet for dei som er med og spelar, det er og sosialt og skapar engasjement i lokalmiljøet! Det har vore godt oppmøte på alle heimekampar. Laurdag 30.november hadde a-laget fotballfest på hotellet, her hadde dei ulike kåringar som lagspelar, toppskorar mm. Me vil få takke Karlis og Jan for trenarjobben og Arild for jobben som lagleiar. I tillegg vil me takke Hans Arvid for all jobben hans på bana gjennom heile sesongen og under kamp, og jobben han har gjort med å organsiere rehabiliteringa av ballbingen ved skulen.

8.september arrangerte med Løp for meg saman med Bygdelaget i Fortun. Me fekk inn over 10 000 kr til barnekreftforeninga og hadde ei sosial og kjekk stund i Fortun. Det vart registrert 33 deltakarar og fleire var med og gjekk. Tusen takk til bygdelaget med Stine, Wilfred, Kristine og Anne Tone i spissen som laga ein triveleg kafe for oss denne dagen.

Fanaråken opp vart og i år redusert pga dårleg ver. Arbeidsgruppa sette seg ned og evaluerte løpet og alt arbeidet me gjer for å få dette til. Me kom fram til konklusjonen at me prøver med 3 nye år med Fanaråken opp. Utan dei vel 70 stk som stiller på dugnad for dette arrangementet hadde det ikkje gått. Tusen takk til dykk alle!!

Anna positiv aktivitet i idrettslaget er skikarusell, miniputt fotball, turorientering, barneidrett, torsdagstrim og Sognefjellsmarsjen. Som tidlegare år har aktiviteten på Sognefjellet vore stor i sommar gjennom Sognefjellet sommerskisenter. Nytt frå 2020 blir at me satsar på basistrening for barn og ungdom. Dette vil skje i samarbeid med Luster IL og me kjem attende med meir informasjon etterkvart.

Idrettslaga Hafslø, Bjørn, Luster og Fanaråk har i år valt å støtte Juleglede – 2019. Juletida skal vere ei tid for glede, familie og venner. Av ulike årsaker kan jula vere vanskeleg, prosjektet Juleglede har som målsetnad at alle skal få oppleve ei god jul.

Styret i IL Fanaråk vil med dette takke sponsorar, medlemmar, gruppemedlemmar og andre støttespelarar for at de gjer det mogleg å skape aktivitet i bygdene våre! Me treng fysiske og sosiale møtestadar, og det er de med på å skape!



**Me ynskjer dykk ei god jul og eit godt nyttår!!**

**Anders, Larisa, Jakob, Vegard, Anne Marie og  
Mona**